


Kulturdepartementet

Oslo, 15. mars 2013

Høyrings svar - Boklov

Fila inneheld Litteraturselskapet Det Norske Samlaget sitt høyrings svar på framlegg til lov for omsetning av bøker.

Med helsing frå



Edmund Austigard
skrivar

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Høyringsvar frå Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget (Litteraturselskapet) meiner at ei lov om omsetning av bøker (boklov) med fastpris på bøker vil vere eit svært viktig og framtidsretta språk- og litteraturpolitisk instrument. Dette er særleg viktig for den nynorske litteraturen, og dermed også for det nynorske språket.

Skal ein også i framtida nå dei språk- og litteraturpolitiske målsettingane om å sikre at breidda i den norske litteraturen er tilgjengeleg, vil fastpris som sikrar økonomisk føreseielegheit for forfattar og forlag, i tillegg til gode abonnementsordningar i kombinasjon med ei god innkjøpsordning som sikrar at litteraturen blir eksponert, vere avgjerande.

Litteraturselskapet meiner at ei boklov vil bidra til å sikre måloppnåing på desse to felta. Vi støttar i hovudsak departementet sine framlegg, og vil særleg kommentere desse spørsmåla i høyringsnotatet:

Spørsmål 1:

Vi støttar føremålsparagrafen. Men i lys av den norske språkpolitiske situasjonen i dag er det naudsynt å presisere at norsk språk betyr både nynorsk og bokmål.

Spørsmål 2:

E-bøker må vere med i fastprisordninga. Den kulturpolitiske grunngivinga for fastpris, å auke bransjens evne og vilje til å gi ut eit breitt spekter av bøker, gjeld alle publiseringsformata. Det er den samla innteninga frå alle formata som skal dekkje investeringskostnadene ved ein tittel eller verk.

Spørsmål 3:

Vi meiner fagbøker (bokgruppe 2) bør ha ein fastprisperiode på tre år, altså lengre enn for skjønnlitteratur. Som Stortingsmeldinga *Mål og mening* slår fast har fagbøker ei særleg viktig stilling når det gjeld å oppretthalde norsk som eit fullverdig og samfunnsberande språk. Det er i faglitteraturen fagspråket blir utvikla og formidla, og utvikling og formidling av norsk fagspråk inneber ei generell fornying av norsk språk i tråd med samfunnsutviklinga.

Samtidig er det å utvikle fagbøker eit forleggeri som krev store redaksjonelle kostnader, og der marknaden er fragmentert i små målgrupper, ofte til relativt små kurs. For å tene inn att investeringane må derfor bøkene selje i mange år.

I dag er det stor mangel på faglitteratur på nynorsk på dei aller fleste fagområde, og mange studentar som nyttar nynorsk møter aldri sitt språk i faglitteratur og får heller ingen språklege førebilete innan sitt fag. Og når det ikkje finst språklege førebilete, blir det vanskelegare å halde på språket gjennom utdanninga og ta det med vidare ut i yrkeslivet og det norske samfunnet. Dermed er nynorsken inne i ein negativ spiral, der mangel på nynorsk faglitteratur i høgare utdanning også fører til ei svekking av nynorsken si stilling i samfunnet generelt.

Økonomien i det dette forleggeriet er svak. Lengre fastprisperiode for fagbøker synest derfor å vere eit godt verkemiddel for både å sikre norsk fagspråk - og særleg faglitteratur på nynorsk, og vi meiner tre år vil gi forlaga dei nødvendige rammene for å oppretthalde utvikling av norskspråklege fagbøker.

Spørsmål 5:

Det er vårt syn at fastprisen må vere obligatorisk. Ei obligatorisk ordning vil gi eit heilskapleg lovverk og bidra til å sikre dei kulturpolitiske måla. I alle europeiske land med boklov omfattar vedtaka om fastpris alle forlag. Ved å inkludere alle aktørane, ligg den kulturpolitiske styringa hos lovgivar.

Spørsmål 10:

Vi meiner litteraturabonnementsordninga bør vidareførast og utviklast. Denne ordninga er etter vårt syn det beste verktøyet for å sikre at lesarane får tilgang på breidda i bokutvalet frå norske forlag. I kombinasjon med innkjøpsordninga er abonnementsordninga grunnleggjande viktig for store delar av det norske breiddeforleggeriet.

Vi støttar alternativ 1 som er det alternativet som best vil sikre breidda og mangfaldet i utvalet. Abonnementsordningane er eit viktig verktøy. Dette fungerer berre dersom bransjen har høve til å inngå kollektive avtalar. Kollektive ordningar for abonnement er enkle, eintydige og kostnadssparande. Ei felles ordning vil sikre lik behandling av alle bokhandlar og transparente vilkår.

Spørsmål 12:

Vi støttar alternativ 1 der det blir fastsett ein maksimal rabatt forlaget kan gi forhandlaren. Nivået på rabattane til bokhandelen ligg historisk høgt i Noreg, og har nådd eit punkt som kan truge breiddeforleggeriet. Eit tak på rabattane er nødvendig av følgjande grunnar:

- For å føre vidare tilstrekkelege marginar slik at kryssubsidieringa av smale titlar, debutantar og kostnads- og tidkrevjande verk kan halde fram.
- For å unngå prisdrivande effekt. Ein sannsynleg konsekvens av svakare marginar for aktøren som set fastprisen, er at marginsvikten vil bli henta inn gjennom sterkare prisauke. Utan margintak vil vi kunne oppleve ei utvikling mot situasjonen vi ser i friprismarknader: Lågare marginar på bestseljarar (store innkjøp frå detaljistar i bokhandel og daglegvare) blir dekte inn gjennom høgare prisar på smalare litteratur.
- For å oppretthalde føreseielege forfattarinntekter. Fastprisen er berekningsgrunnlaget for forfatterroyalty. Utan avansetak vil nettoinntekter under press kunne bli det nye berekningsgrunnlaget.
- For å motverke horisontal konsentrasjon. Store einingar med sterk forhandlingsmakt er ein sannsynleg konsekvens av at avansen kjem under press på forlagssida.

Fastprisen er kulturpolitisk grunngiven. For å leggje til rette for at føremålet med lova skal nåast, må ein sikre at ein nødvendig margin frå denne ordninga når dei som produserer kulturen, nemleg forfattarane og forlaga.

For å vidareføre effektive abonnementsordningar, er det viktig at den rabattkomponenten som er øyremerkt desse ordningane ligg over rabattaket, utan at vi er sikre på kvar på skalaen rabattaket. Skulle rabattkomponenten for abonnementsordningane bli liggjande under rabattaket, meiner vi det er god grunn for å tru at det vil bety slutten for abonnementsordningane, og dermed det viktigaste verktøyet for å sikre eksponering og distribusjon av breidda. I det tilfellet vil eit sannsynleg scenario vere at bokhandelen vil krevje maksimal rabatt utan å ta abonnementsordningane.

Når det gjeld punktet om marknadssamarbeid i alternativ 1, må dette samarbeidet definerast og konkretiserast, elles vil det opne for ei skjult rabattering som vil kome i konflikt med målsettinga for avansereguleringa.

Marknadssamarbeidet må derfor vere avgrensa til å omfatte eksterne kampanjar som tek sikte på å utvide bokkrona, ikkje omfordele ho. Det må dreie seg om dokumenterbare kostnader som kjem i tillegg til bokprisen og som blir delt likt mellom partane. Det bør liggje kjørereglar i føresetnadene for nemnda, som det er gjort framlegg om. Framlegget vårt ligg under spørsmål 14.

Abonnementsordningane er det viktigaste verktøyet for breiddeeksponering. I alternativ 1 er det nemnt døme på kva bokhandelen må yte ekstra for å oppnå rabatt opp mot det maksimale. Til dømes god eksponering, låg returrett og bestillingsrutinar som er effektivitetsfremjande. Vi gjer framlegg om å leggje til eit punkt om breiddeeksponering. Medan abonnementsordningane dekkjer den totale breidda i bransjen, vil dette punktet handle om korleis bokhandelen forpliktar seg overfor utgivingslista til det enkelte forlaget. Dette vil i så fall bli lagt inn som eit kulturpolitisk grunngive verkemiddel som kan bli premiært innanfor rabattaket.

Med dette tillegget og gode abonnementsordningar, vil ambisjonane som ligg i alternativ 2 bli innfridde gjennom denne utvidinga av alternativ 1.

Alternativ 2

Som nemnt meiner vi at breidde-ambisjonane i alternativ 2 blir dekte av abonnementsordningane og vårt framlegg til utviding av grunngevinga for å kunne nå høg innkjøpsrabatt, altså gjennom ei styrking av alternativ 1.

Framlegget i alternativ 2 er inspirert av boklover i andre land. Ein vesentleg skilnad mellom framlegget til norsk boklov og boklovene i andre land, er at desse ikkje har eigne bestemmelsar om abonnementsordningar.

Spørsmål 14:

Vi støttar oppnemning av ei rådgivande nemnd. Nemnda bør vere samansett av personar som ikkje har tilknytning til bransjen.

Når det gjeld vurdering av saker som gjeld marknadssamarbeid, vil vi gjere framlegg om at to ting blir lagde til grunn:

- All marknadsaktivitet i butikk eller på bokhandelen sin eigen nettstad skal vere inkludert i rabattaket.
- Partane står fritt til å avtale anna marknadssamarbeid så lenge det handlar om eksterne kampanjar der det vil liggje føre faktura frå tredjepart, og der bokhandelen skal stå for 50% av kostnadane.